

# ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2016

## ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

### Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)  
Randi Helland (nestleiar)  
Peder Aasheim

### Varamedlemer:

Liv Kari Søyland  
Arne Runnane

### Politiske medlemer frå Kommunestyret:

Nils Tore Økland (AP)            Sverre Olav Svarstad (H)  
Reidar Brevik (KrF)            Reidun Stavland (H)

Sekretær: Jonas Sætre, seinare erstatta av Haldis Lauksund

Møtestad: Hagerupshuset, seinare flytta til publikumssalen/formannskapssalen

\*\*\* \*\*

Det tok lang tid etter kommunestyrevalet i september 2015 før nytt eldreråd vart vald, slik at første møte var 4. april.

I 2016 vart det likevel halde 7 møter, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår.

Nokre saker vert referert spesielt:

Utbygging av sjukeheimen vart handsama i 4 møter, der eldrerådet m.a. hadde slike uttale: *Eldrerådet er positive til planarbeidet som føreligg. Eldrerådet ser positivt på at den 7. etasjen no vert nytta til bebuarrom, og at areala til kontor etc. vert dekka gjennom ombygging av den gamle sjukeheimen.*

Stord eldreråd har vald Tove Dypå Lunde som representant i referansegruppa for prosjektet om ny Stord sjukeheim.

Eldrerådet hadde uttale til forslag til planstrategi for Stord kommune 2016-2019 og planprogram for revisjon av kommuneplanen:

*Eldrerådet meiner at ein i strategiplanen må synleggjera konsekvensane av folketalsutviklinga, spesielt når det gjeld eldre årsklassar og personar med omsorgsbehov. Både når det gjeld behovet for nybygg av sjukeheimsplassar, omsorgsbustader, bufelleskap og evt. endra bruk av eksisterande bygningsmasser. Som døme vil me peika på at dei areala som NAV i dag nyttar i Backertunet, kan vurderast som framtidige sjukeheimsplassar. Me vil også peika på at det finst ledig tomteareal både på Knutsåsen og Buneset som kan nyttast til sjukeheimsplassar.*

Budsjett 2017-2020 - her uttalte Eldrerådet følgjande:

*Eldrerådet merkar seg at det så langt i 2016 er store overskridingar på fleire av budsjettpostane i RHO budsjettet. Ut i frå dette vil Eldrerådet uttala at kommunestyret i budsjettet for 2017 ikkje må svekka RHO budsjettet.*

*Eldrerådet vil samstundes understreka at ein i løyvingar til heimebaserte tenester må ta meir omsyn til individuelle behov, samstundes som forpliktande samarbeid med pårørande vert*

utvikla. Om ein ikkje gjer dette, kan resultatet på sikt bli aukande behov for meir ressurskrevjande hjelp for brukarane.

Eldrerådet er også kritisk til den sterke auken i eigenbetalinga for heimebaserte tenester og velferdsteknologi.

Eldrerådet hadde slik uttale til detaljbudsjett for RHO-området:

*Eldrerådet har merka seg at Kundetorget (Tingarkontoret) er på etterskot i handsaming av tildeling av pleie- og omsorgstenester. I årsbudsjettet 2017 er det ikkje sett av midlar til å betra sakshandsamingskapasiteten. Eldrerådet ber difor Komitè for rehabilitering, helse og omsorg å vurdere om det er mogleg å effektivisera sakshandsaminga av søknader om pleie- og omsorgstenester.*

Eldrerådet sette ei sak på agendaen og sendte dette vedtaket til NRK og TV2:

1. *Stord Eldreråd vil krevja at Vestlandsrevyen snarast vert tydeleg teksta. Dette i bakgrunn av føringar i prinsippa for universell utforming – m.a. "like mogleikar for alle". I dag har ca. 14,5% av befolkninga i Norge ei høyrselshemming som påverkar kvardagen. Teksting av underholdnings-, nyhende- og aktualitetsprogram er naudsynt for å sikra eit fullverdig TV-tilbod for høyrselshemma. Dette vil sørgja for at det vert mogleg for fleire å delta i samfunnsdebatten på lik line med andre aktørar.*
2. *Stord Eldreråd vil krevja at det ikkje vert nytta bakgrunnsmusikk i nyhendesendingar.*

Orienteringar:

- Godt liv for godt vaksne
- Frivilligsentralen på Stord
- Førebyggjande heimebesøk til eldre
- Statusrapport velferdsteknologiprojektet

Eldredagen 1. oktober 2016

Eldrerådet hadde ansvar for den årlege Eldredagen i Stord Kulturhus. Den vart arrangert i samarbeid med Røde Kors pasientvener, Stordkoret og Jakob Eldøy m/vener. Kristian Lunde heldt foredrag om Turnhallen. Årets seniorpris gjekk til Hans Christian Junge.

Medlemer i Eldrerådet har delteke i fleire prosjekt:

Prosjektgruppa for førebyggjande heimebesøk for eldre – Peder Aasheim

Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland

Kvalitetsforbetring av kommunalt hjelpemiddellager – Randi Helland

Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter –

Tove Dypå Lunde

Prosjekt knytt til kommuneplanen; Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelsa –

Tove Dypå Lunde

Prosjekt om forskrifter for kriterier for langtidsplass – Tove Dypå Lunde, Reidar Brevik var med på dagseminar.

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart arrangert på Fitjar 01.06.16, der følgjande deltok:

Tove Dypå Lunde, Randi Helland, Reidar Brevik, Peder Aasheim og Arne Runnane.

Tove Dypå Lunde deltok på eldrekonferansen i regi av Hordaland fylkeskommune 1.-2.11.16

Stord, 20.01.17

Tove Dypå Lunde  
leiar